



Vaksdal kommune
Osterøy kommune
Lindås kommune
Fjell kommune



Vår ref.: 2017/15772-9

Dykkar ref.:

Bergen, 15.06.2018

Lokalbåtruter Osterfjorden og Geitanger-Knappskog

Fylkesrådmannen har som kjent lagt fram sak om lokalbåtrutene i Osterfjorden og Geitanger-Knappskog (saksframlegget sendt til kommunane 25.05.18). Saka har vore handsama i utval for miljø og samferdsel (MISA) og skal til fylkesutvalet 21. juni. Det vart ikkje gjort endringar i innstillinga frå fylkesrådmannen i MISA.

For den vidare prosessen inviterer Skyss med dette til nytt møte, snarleg etter sommaren. Føremålet med møtet er å høyre kommunane sine vurderingar i saka og drøfte moglege løysingar og vidare prosess for samarbeid. I det ligg og vurderingar kring alternative ruteopplegg og omfang. Informasjon om lokale drøftingar og eventuelle avklaringar knytt til saka er ønskjeleg at vert delt løpande.

Når det gjeld Ostefjordruta så ser vi det framleis som teneleg å ha felles møte med alle dei tre kommunane. Dersom det er ønskje om eigne møter ber vi om tilbakemelding om dette.

Forslag til møtetidspunkt:

Vaksdal, Osterøy og Lindås kommunar:

- Mandag 27. august, kl. 13:30-15:00

Fjell kommune:

- Mandag 27. august, kl. 12:00-13:30

Vi ber om snarleg tilbakemelding til Vigdis Bjørgo, epost vigdis.bjorgo@skyss.no.

Frå Skyss møter som sist Målfrid Vik Sønstabø og Vigdis Bjørgo.

Med vennleg helsing,

Oddmund Sylta
direktør Skyss

Målfrid Vik Sønstabø
leiar avdeling trafikktilbod

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.